



**BREMANGER KOMMUNE**  
**ORDFØRAR**

Det kongelige olje- og energidepartement  
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

**Vår ref.**  
04/2932-2/K2-S10, K3-& 13//KOS


**Dykkar ref.**  
04/1994

**Dato:**  
23.02.2005

**Høring - NOU 2004 : 26 Hjemfall**

Vedlagt følger Bremanger kommune sin uttale til NOU 2004:26 – Hjemfall.

Med helsing



Kåre Olav Svarstad  
ordfører

**Kopi til: LVK**

---

Kontoradresse:  
Rådhuset  
6721 SVELGEN

Postadresse:  
Postboks 104  
6721 SVELGEN

Telefon / telefaks:  
57 79 63 12  
57 79 63 01

E-post / web:  
kos@bremanger.kommune.no  
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:  
3776.07.50035

## Høyringsuttale - heimfallsutvalets innstilling NOU 2004:26

### 1. Innledning

Heimfallsordninga ble innført av Stortinget for hundre år sidan for å sikre eit nasjonalt eigarskap til våre vasskraftressursar. Heimfallsordninga – som gir private/utanlandske eigarar tidsbegrensa konsesjonar med heimfall til staten og offentlige eigarar evigvarande konsesjonar – har sørja for at kraftsektoren i dag er eigd av det offentlige med 90 prosent. Kraftsektoren har vore og er ein bærebjelke i det norske samfunn, samtidig som sektoren rår over nokre av våre viktigaste naturverdiar.

Når Heimfallsutvalget foreslår endringar i heimfallsreglane, set utvalet i spel grunnlaget for dagens eigarskap i vasskraftsektoren. Samtidig uttaler eit samla utval på s. 12:

”Vassdraga representerer fornybare og evigvarande ressursar av stor nasjonal verdi, både økonomisk og miljømessig. I dag er kraftproduksjon den viktigaste økonomiske utnyttinga. Vasskrafta utgjør 99 prosent av kraftproduksjonen i landet, og er av grunnleggande betydning for verdiskapinga og velferda. Norge har et unikt fortrinn i å utnytte disse naturressursane til kraftproduksjon. For å sikre at vassdragsressursane blir utnyttta på best mulig måte ut frå samfunnets interesser nå og i fremtida, er det nødvendig med et godt utbygd system av økonomiske og administrative virkemidlar.”

Bremanger kommune er einig i denne beskrivinga av kraftsektorens betydning. Når utvalet då foreslår gjennomgripande endringar i heimfallsordninga, burde følgande føresetnader være til stades:

- a) Utvalet har ein klar målsetning med dei endringar som foreslås
- b) Utvalet har ein klar oversikt over virkningane av de endringar som foreslås

Et fleirtal på ni av utvalets tolv medlemmer foreslår at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal få ein ubetinga rett til ein andel av anlegga eller dette sin verdi. Denne retten til eit evigvarande eigarskap vil auke marknadsv verdien av kraftanlegga i dag. Dette forslaget vil forsterke salgspresset på dagens offentlege eigarar ytterlegare.

Bremanger kommune kan ikkje sjå at fleirtalet har beskrevet noko klart mål med dei endringsforslag som er fremma. Heller ikkje kan Bremanger kommune sjå at fleirtalet har gitt nokon klar beskriving av dei virkningane endringane vil ha, f. eks i forhold til dei store samfunnsverdiar som kraftsektoren forvaltar, jf det grunnleggande forvaltningsprinsippet i plan- og bygningsloven § 33-1 om at

"Formålet med ein konsekvensutredning er å klargjøre virkningar av tiltak som kan ha vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar eller samfunn".

Det har tidlegare vore opplyst at regjeringa har hatt til hensikt å fremme sak for Stortinget våren 2005, basert på Heimfallsutvalgets innstilling.

Når innstillinga både manglar ein klar målgivelse og konsekvensutredning, vil Bremanger kommune motsetje seg at saka blir fremma så raskt og utan at desse grunnlag er til stades.

## **2. Det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren**

Heimfallsutvalgets mindretal, beståande av representantane for KS, LO og LVK har i ein felles uttalelse inntatt i innstillinga kap 10.4.3 fremma andre forslag til nye heimfallsmodellar. Her uttalast det blant anna:

"Våre vassdrag og vannkraftproduksjonen for Norge har i seg verdier som rekker langt ut over bedrifts- og samfunnsøkonomiske modeller. (...) Disse medlemmer ser det derfor slik at verken skatte- eller konsesjonsreglene fullt ut ivaretar de sterke samfunnsmessige behov for styring og kontroll som foreligger i vannkraftsektoren. Det offentlige eierskapet har derfor en stor egenverdi. (...) Berre gjennom et omfattande offentlig eierskap kan disse verdiene bli sikra for seinare generasjoner."

Bremanger kommune sluttar seg fullt ut til desse uttalelsar og til dei grunnleggjande som mindretalet har gitt.

Fleirtalet synest nærmast å ha ein likegyldig holdning til det framtidige eigarskapet i vasskraftsektoren, jf følgjande frå s. 142 i utredninga:

"Fleirtalets forslag til framtidig heimfallsregime kan likevel innebære økt privat eierandel i kraftsektoren. (...) En eventuell økning av utlendingers eierandel i norsk kraftnæring vil derfor reflektere en allmenn utvikling med sterk vekst i grensekryssende investeringar."

Bremanger kommune vil vise til at uavhengige økonomiske sakkyndige har konkludert med at fleirtalets forslag ikkje berre "kan" innebære økt privat og utanlandsk eigarskap, men mest sannsynlig vil gjere det, og at det offentlege utsalet vil bli betydeleg. Fordi dette strir mot Bremanger kommune sitt syn på det framtidige eigarskapet i kraftsektoren, vil Bremanger kommune motsetje seg fleirtalets forslag til framtidige heimfallsmodellar.

## **3. Forholdet til dagens offentlige eigarar**

Dagens offentlege eigarskap er delt mellom staten med 50 prosent gjennom Statkraft AS, og kommunale og fylkeskommunale eigarar med om lag 40 prosent. Bremanger kommune har eigarinteresser i Sogn og Fjordane Energiverk.

Det er Bremanger kommune sitt syn at eit spredt offentlege eigarskapet har

mange positive sider, og at ein framtidig heimfallsordning bør gi grunnlag for ei vidareføring av dette.

Fleirtalet på ni foreslår at konsesjonæren på heimfallstidspunktet skal gis ein ubetinga rett til ein andel i det heimfalte anlegg. Forslaget skal blant anna tilgodesjå dei offentlege eigarar som ønskjer å selje ved at "dersom en offentlig eier ikke lenger ønsker å drive med kraftproduksjon vil salgssummen forventes å reflektere den fremtidige konsesjonærens rettigheter ved hjemfallet". Fleirtalets forslag på dette punkt vil med andre ord forsterke det salgspresset som allereie ligg i fleirtalets forslag. Også av denne grunn vil Bremanger kommune motsetje seg fleirtalets forslag, som direkte er egna til å undergrave dagens offentlige eigarskap.

Det er frå media ein kjent sak at utanlandske kraftforetak er sterkt interessert i å kjøpe seg inn i norske vasskraftanlegg. Fleirtallets forslag vil gi slike kraftforetak evigvarande rettigheter til norske vasskraftressursar.

Fleirtalets forslag på dette punkt motarbeider direkte viktige nasjonale interesser knytta til vasskraftsektoren.

#### **4. EØS-avtalen**

Forholdet til EØS-avtalen har vore sentralt for Heimfallsutvalget, og det heiter i kap 10.2.6 at "Det er en sentral premiss for utvalget at forslaget til et framtidig hjemfallsregime skal være robust i forhold til de forpliktelser Norge har gjennom EØS-avtalen."

Mindretalets forslag om ein transaksjonsmodell tar sikte på å likebehandle alle framtidige konsesjonærar, uavhengig om disse er offentlige eller private. På denne måte søker mindretalet å ivareta målsetninga i EØS-avtalen om fri etableringsrett og fri kapitalbevegelse, som er dei bestemmelsar ESA viser til når dagens norske regler blir kritisert.

Det går fram av utvalets innstilling at utvalets EØS-utredar har uttrykt skepsis til mindretalets forslag til ein såkalt transaksjonsmodell, og at fleirtallet "har lagt stor vekt" på dette. (s.126). Bremanger kommune konstaterer at også statens tre representantar i utvalet tilhører dette fleirtalet. Vidare konstaterer Bremanger kommune at staten så seint som i brev 19. april 2002 til ESA framholdt at "konsesjonssystemet med tidsbegrensa konsesjonar og heimfall er ledd i den statlige forvaltninga av eigedomsretten til vannfalla, og det framgår av EØS-avtalens artikkel 125 at avtalen ikkje på noen måte skal berøre avtalepartenes regler om eigedomsretten."

Bremanger kommune sluttar seg til mindretalets syn om at det har oppstått ein uholdbar situasjon i forhold til EØS-avtalen. Det er lite tillitvekjande at den norske stat på den eine sida fastheld at EØS-avtalen ikkje legg begrensningar på våre konsesjons- og heimfallsregler, og på den andre sida tilpasser sine synspunkt til at avtalen likevel gjelder fullt ut.

Bremanger kommune finn det maktpåliggande at staten avklarar med ESA om og i tilfelle i hvilken utstrekning EØS-avtalen legg føringar for vår framtidig heimfallsordning.

### **5. Konesjonstidas lengde**

Eit knapt fleirtal på sju i utvalet går inn for at framtidig konesjonslengde blir sett til 75 år, mens mindretalet på fem foreslår 60 år, som er dagens ordning.

Eit samla Heimfallsutvalg går inn for regler som gir ein betydelig større markedsåpning enn dagens reglar. Det er Bremanger kommune sitt syn at desto større markedsåpning, desto viktigare er det med eit robust og reelt heimfallsinstitutt. Ut frå den overordna målsetninga om å behalde eit tungt offentleg eigarskap i vasskraftsektoren også på lang sikt, støtter Bremanger kommune mindretalets forslag om konesjonstid på 60 år.

### **6. Private konesjonærar**

Om lag 10 prosent av kraftforsyninga er eid av private føretak, i hovudsak den kraftkrevande industrien. Omlag 6,5 prosent av desse har tidsbegrensa konesjonar med heimfall til staten.

Fleirtalet foreslår å omgjere dagens konesjonar til nye tidsbegrensa konesjonar på 75 år frå lovendringstidspunktet, og med evigvarande rett til 1/3 av anlegget for konesjonæren. Forslaget synest i hovudsak være motivert av EØS-utredarens konklusjonar.

Mindretalet foreslår å vidareføre dei rettigheter konesjonærane har i dag. Fleirtalets forslag vil innebere at dei private får ein forlengelse som er lengre enn kva dei opphavleg fikk konesjon til. Fleirtalets forslag vil vidare innebere ein betydelig overføring frå stat og kommune til privat sektor, på fleire milliardar kroner – og helt utan vilkår, eksempelvis om kor krafta skal brukast.

Bremanger kommune gir sin tilslutning til mindretalets syn og viser til det som er sagt ovanfor om forholdet til EØS-avtalen.

Meir enn 30 prosent av dei private kraftanlegga er i dag helt konesjonsfrie fordi dei vart bygd før konesjonslovene av 1909. Mindretalet går inn for å likestille disse anlegga konesjonsrettslig med øvrige kraftanlegg med grunnlag i nye regler.

Dersom det viser seg nødvendig å endre dagens evigvarande konesjonar for offentlige eigarar til tidsbegrensa konesjonar, er det Bremanger kommune sitt syn (som mindretalet) at også evigvarande rettigheter hos dei private konesjonærane må omgjerast på same måte.

## 7. Vertskommunanes interesser

Heimfallsutvalget foreslår å vidareføre dagens lovbestemte heimfallsrettigheter for dei berørte vertskommunar, men med visse begrensningar i gjeldande trappetrinnsregler. Forslaget, saman med forslaget om å innføre tidsbegrensa konsesjonar for alle (enten straks som fleirtalet eller ved transaksjon som mindretalet), vil føre til at omfanget av anlegg som heimfell aukar vesentlig.

Bremanger kommune støtter forslaget til vidareføring av vertskommunanes rettigheter og forslaget til ny trappetrinnsregel, slik eit samla utval går inn for.

## 8. Oppsummering

Bremanger kommune sitt syn kan oppsummerast slik:

- a) Heimfallssaka gjeld eigarskapet til vasskraftsektoren og berører vitale verdier for det norske samfunn både i dag og for våre etterkommarar
- b) Eit tungt og spredt offentlig eigarskap har stor eigenverdi, og nye heimfallsregler må ha som målsetjing fortsatt å stimulere til slikt eigarskap
- c) Fleirtallets forslag gir insentiv til raskt sal av offentlege eigarandeler og ivaretar verken dei nasjonale interesser som foreligg eller hensynet til dagens kommunale og fylkeskommunale eigarar, som ønskjer fortsatt eigarskap
- d) Mindretallets forslag gir ein rimelig balanse mellom omsynet til offentlig eigarskap på kort og lang sikt og omsynet til effektiv ressursbruk og nødvendige omstruktureringar. Bremanger kommune støtter mindretallets forslag og viser til dei grunnleggjande som er gitt i mindretallsmerknaden
- e) Den norske stat må sørge for ei avklaring av EØS-avtalens betyding for framtidige konsesjons- og heimfallsregler
- f) Saka bør ikkje fremjast for endelig behandling før grundige konsekvensutredningar foreligg